



Norsk Gardsost

Landsdekkande organisasjon for bevaring og vidareutvikling av norske tradisjonar for lokal handverksmessig foredling av mjølk

Landbruks- og matdepartementet

13.02.16

STORTINGSMELDINGA OM LANDBRUKSPOLITIKKEN Innspel frå Norsk Gardsost.

Organisasjonen Norsk Gardsost representerer ca. 90 % av dei som driv med småskala mjølkeforedling i Norge, 150 produsentar. I tillegg har vi 150 støttemedlemmar. Vi representerer ei næring i vekst. Vi opplever stor interesse for å starte med foredling. Det er god interesse for ystekursa som vi arrangerer i samarbeid med Kompetansenava i Vest (Aurland) og for Midt-Norge (Mære). Det blir nå etablert nye små ysteri kvart år i Norge. Og marknaden er stor. Det er plass til mange fleire!

Auke i norsk matproduksjon på norske ressursar! Det må vera eit overordna mål å auka matproduksjonen i Noreg, i ei verd der ressursane skal delast på eit veksande folketal. Forsking på korleis vi kan erstatte importerte råvarer til kraftfor med norske ressursar må prioriterast. Vi må føra ein politikk som legg opp til å bruka alle grovforessursar på både inn og utmark.

Vekst for lokalmat. Regjeringa har også store vekstambisjonar for lokalmat, m.a. i St.m. 31 «Garden som ressurs - marknaden som mål». Vi vil gjerne bidra til at vi skal nå målet på 10 milliardar innan 2025. For å oppnå dette, er det viktig at vi legg til rette for å styrka dei bruka der potensiale for vekst i produksjonen av lokalmat er størst, på dei små og mellomstore bruka. Gjennom ein foredlingsprosess blir råvarene mangedobla i verdi. Lokal foredling kan difor også vera løysinga for mange bruk, der ressursgrunnlaget er for lite til å vera livskraftig i utgangspunktet. Det er difor viktig at vi ser desse meldingane i samanheng: Ei melding om landbrukspolitikken, må ikkje leggja opp til endringar som gjer det vanskeleg å nå målet om vekst for lokalmaten.

Økonomi i primærjordbruket. Du treng kapital til å bygga ei ny bedrift, og du må ha ein økonomi for å overleva dei fyrste tre - fire harde åra til du har kome i gang. Så det er like viktig for oss som foredlar lokalt, som for resten av landbruket, at vi har ein tilfredstillande økonomi i primærjordbruket. Det er difor ein føresetnad at vi har god marknadsregulering for å halda oppe ein fornuftig mjølkepris, og at vi har ein aktør med mottaksplikt, som tek i mot den mjølka vi ikkje foredlar lokalt.



Norsk Gardsost

Landsdekkande organisasjon for bevaring og vidareutvikling av norske tradisjonar for lokal handverksmessig foredling av mjølk

Distribusjon er ofte ein flaskehals for vekst for ein lokalmatprodusent. Det at Tine har opna sitt distribusjonsapparat for lokalmat, har løyst problemet for mange. At Tine også har forsyningsplikt ut til alle kantar av landet, gjer at det er eit landsdekkande apparat som kan ta seg av dette.

Lokalmat og reiseliv. Norge har mykje å læra av reiselivsnasjonar som Austerrike og Sveits. Gjennom å ta vare på eit småskalabasert distriktsjordbruk, har dei klart å halda i hevd eit velstelt kulturlandskap. Fram til i dag har bygdene i Norge også stått fram som velstelt og attraktive for turistane. Dette kan endra seg fort. Dei siste åra har vi hatt ei utvikling mot færre og større einingar i husdyrhaldet. I somme grender ser vi nå at jorda ikkje blir slått og at attgroinga har starta. Dette er eit varsel om at vi må snu denne retninga! «Kulturlandskapet er landets karakterbok», sa den kjente næringslivsmannen Birger Hofsten for nokre år sidan.

Midlar til vekst og utvikling. Løyvingane til lokalmatprogrammet må styrkast. Alle bedrifter treng støtte i ei oppstartsfasen og i vekstfasen. Med ambisiøse mål for vekst i denne bransjen, må det tilførast tilstrekkeleg med ressursar til dette. Oppbygging av lokalar til næringsmidlar er kapitalkrevjande. Det er difor behov for å auka løyvingane til utbygging, både til driftsbygningar og produksjonslokale for lokalmat. Driftsbygningar på mindre bruk treng også å fornyast. Det er nå viktig at også desse bruka blir prioritert, for å sikra grunnlaget for nye lokalmatbedrifter.

Vekst og utvikling av lokalmat må baserast på kunnskap. Vi treng ei styrking av dei fem kompetansenava som er bygd opp. Etter kvart som bedriftene veks og aukar talet på tilsette, blir det behov for kvalifisert arbeidskraft. Ei vidareutvikling av dei modulkurser som blir gjennomført ved Navet i Vest, til å bli ei fagutdanning for ystarar for handverksysteri, vil vera eit viktig bidrag for å nå målet om 10 milliardar omsetning av lokalmat i 2025!

Styret i Norsk Gardsost

Sigurd Avdem Gunnar Waagen Anne Marie Sando Geir Harald Fodnes Anne Karin Hatling